

# Med "harelabb " gjennom lagsbrukshistoria

Eit kort oversyn laga til Noregs Ungdomslag  
sitt 100-årsskrift gitt ut i 1996.

Å fara over eit så omfattande tema på dei få sidene som er til disposisjon her gir på ingen måte eit uttømande bilde av alt det lagsbruka har betydd for norskdomsrørsla. Eg håpar likevel artikkelen gir eit visst inntrykk av omfanget til forretningsverksemda. Seinare historiarbeid vil visa den fulle breidda som arbeidet har hatt i desse 100 åra.

Kåre Kolås har vore den fremste pådrivaren for samarbeidet mellom forretningstiltaka i rørsla i nyare tid,- aktiv heilt sidan 1946. Han har vore den viktigaste kjelda for det som står skriven her.

Elles har eg spedd på med opplevsar og erfaringar frå dei 25 åra som eg sjølv har vore med i det organiserte lagsbruksarbeidet, lokalt og sentralt, organisasjonspolitisk og administrativt. I løpet av dei siste 12 åra har eg vore med i styret for Lagsbrukssamskipnaden i 6 år, og vore daglig leiar sidan 1990. Før den tid kjenner eg arbeidet også frå tillitsverv på alle plan i Noregs Ungdomslag.

Oslo august 1995  
Nils Seland  
Daglig leiar i Lagsbrukssamskipnaden

\*\*\*\*\*

## **Kva er eit lagsbruk**

Lagsbruk- for mange i dag eit framandt navn som ikkje utan vidare gir meining og innhold. Forklaringa er ikkje verre enn at det er eit forretningstiltak som blir driven av eit lag. I praksis er nemninga oftast knytt til hotell- og serveringsverksemdene.

## **Ungdomshuset i byen**

Lagsbruka var på mange måtar ungdomshuset i byen,- samlingsplassen for aktiviteten til bylaga som blei utvida til også å bli eit forretningstiltak som kunne tena laget og rørsla på fleire måtar.

## **Hotell- og kaféverksemd**

Ennå er det ikkje laga ein skikkelig oversikt over kor mange slike forretningstiltak som har vore i drift landet over, men mellom 100 og 120 har det heilt sikkert vore. I all hovudsak har desse bedriftene vore overnattings- og serveringsstader som ofte fekk navna "Bondeheimen"

og "Kaffistova". Hadde dei bestått i dag, kunne gruppa ha målt seg med større hotellkjeder i omfang og utbreiing.

### **Dei frilynte folkehøgskolane**

sprang også fram av rørsla og var på sett og vis ei form for lagsbruk. Det var fleire fylkeslag i Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag som brukte av overskot frå andre lagsbruk og skipa sine egne folkehøgskolar. Det var også mange høgskolestyrarar og lærarar på folkehøgskolar som var aktive i lagsbruksarbeidet. I dag er det bare Møre Folkehøgskule i Ørsta og Vefsn Folkehøgskole i Mosjøen som er eigd av rørsla.

### **Husflidsutsalg**

var eit anna naturleg forretningsområde for laga. Heimen Husflid som er driven av BUL i Oslo er i dag eit blomstrande forretningstiltak. I Hallingdal er ungdomslaga medeigar i husflidsforretning på Gol.

### **Forlagsverksemd**

Forlagsverksemd er ein sjølvsgatt ting for ein kulturorganisasjon. Tidlig i dette århundret fungerte Norsk Målkontor som bokekspedisjon for både Noregs Ungdomslag, Noregs Mållag, Studentmållaget og Det Norske Samlaget. Edvard Os dreiv dette tiltaket opp til å bli reine forlagsverksemda.

Seinare, i 1922, gjorde den same Os opptaket til å skipa Noregs Boklag. Det Norske Samlaget og dei to landslaga sto bak. Noregs Mållag trekte seg ut i 1926. I 1927 opna Noregs Boklag bokhandel i Oslo. BUL i Oslo blei medeigar i 1932. Med åra overtok BUL forlaget og bokhandelen, men då laget ville leggja ned verksemda omkring 1980, gjorde Noregs Ungdomslag eit nytt forsøk på vidare forlagsdrift. Det var nok fleire ting som gjorde at dette ikkje gjekk så bra, og det enda med at Det Norske Samlaget overtok både navnet, rettane og forlagssjefen - Jan Kløvstad.

Det Norske Samlaget er den dominerande aktøren i dag, men forlag som Fønna Forlag, og Norsk Barneblad forlag har også betydd mykje. Plateselskapet "På norsk" hadde ein forholdsvis kort karriere på 80-talet.

### **Bladtiltak**

Like naturleg som å gi ut bøker har avis- og bladdrift vore. Norsk Tidend (frå 1935. Framhald av "Fædra-heimen" og "Den 17. mai"), Gula Tidend, Norsk Barneblad (NU er med frå 1956), Nynorsk Vekeblad (1934-1954), og Dag og Tid, julehefta Vangsgutane og Tuss og Troll, er gode eksempel. Enkelte har sikkert overvekt av private aksjonærar nå, men høyrer absolutt med i samanhengen.

### **Bankverksemd**

Vestlandsbanken blei skipa i Bergen i 1926 etter opptak frå norskdomsrørsla og frå sterke bygdeinteresser elles på Vestlandet. Lagsbruka til Bondeungdomslaget Ervingen og Bondeungdomslaget i Bergen hadde etter måten store aksjepostar.

Oslo Nye Sparebank blei skipa i 1921. Halvparten av forstanderskapet skulle veljast mellom innskyttarar som var medlem av BUL i Oslo, og tilrådd av laget.

Oslo Nye Sparebank gjekk inn i Vestlandsbanken midt på `70-talet, og i siste halvdel av `80-åra blei Vestlandsbanken innlemma i Fokus Bank.

### **Anna verksemd**

Lista kunne gjerast lang over anna verksemd som laga har vore med i. Sørlandets Industrikontor kan stå som eit eksempel. Vest-Agder Ungdomslag var aksjonær i dette salgskontoret for heimeindustri fram til det blei lagt ned i 70-åra. Nevntast kan også Sunnmøre Industrikontor, starta etter initiativ frå Nils E. Ringset. NU var aksjonær i Norsk Bygdekino.

## **Korfor var det viktig for ungdomslaga å driva forretning**

### **Samlingsplassar**

Mange har spurt korfor det var så stor overvekt av hotell- og kafédrift mellom forretningstiltaka. Som samlingsplassar spelte desse stadane ein viktig rolle for lagsfolk, men det var også viktig å etablera ein heimsleg og trygg stad for bygdefolk på bytur. Når ein samtidig kunne gjera rimelig godt med pengar på slik verksemd, så var valget sikkert ikkje så vanskelig. Sosialt var det også viktig, i alle fall på NU-bruka, å markera det trygge alkoholfrie miljøet for ungdommen.

### **Profil**

Men her var fleire strenger å profilera seg på. Norsk tradisjon både i mat, inventar og språk var viktige ingrediensar på dei første kaféane. Møblane til den kjende treskjeraren Lars Kinsarvik har pryda mange kaffistover. Ennå finst desse kunstverka å sjå på Trondarnes Kaffistove i Harstad og på Hordaheimen i Bergen.

### **Økonomi**

Det var lønnsomt å driva lagsbruk, særlig i starten. Den første kaffistova i Flekkefjord åpna 6. mai 1911. Det var ikkje store rommet som blei innreidd i 2. etasje i eit lite trehus midt i byen. Det står likevel skriven at alt året etter viste regnskapet 740 kroner i "reinvinning".

Det var medlemmer av laget som skaut inn kapital for å få i gang stova, men her, som eg trur det var dei fleste plassane, var det ikkje meininga at bruket skulle eigast av privatpersonar. I Flekkefjord fekk innskytarane igjen pengane sine, med renter, alt i 1914.

Ein kan lesa av årsmeldingane til fylkeslag som ikkje hadde lagsbruk, at det ikkje alltid var like lett å få pengar til å driva det arbeidet som ein gjerne ønskte. Med årspengar på 10 - 30 øre kom ein ikkje så langt den gongen heller. Å få eit lønnsomt lagsbruk var målet for mange. Det var mange små fylkeslag den første tida, og ikkje alle hadde like gode stader innafor sitt eige område der ein kunne etablere lønnsom forretningsdrift. Fylkeslaga i Sogn og Fjordane ordna dette ved å etablere eit lagsbruk i Bergen, Firda og Sygna Herbyrge.

Det blei overført betydelige beløp til lagsdrift og til ideologiske tiltak, men det skjedde oftast også ei langsiktig oppbygging av verdier i fast eigedom. Mange lag sit i dag med nettoformuar på mange millionar kroner. Viktig var også overføringane i form av "naturalia" som hus og kost til lagssamkomer.

Det var først og framst eigarlaget som nytte godt av tilskotet som lagsbruka ga. Å senda pengar vidare til landslaget var ikkje fullt så interessant. Første gongen posten "Stønad frå Lagsbruk" er å finna i regnskapet til Noregs Ungdomslag er i 1913-14 med kr. 75,-. I dag er overføring via lagsbruksavgifta til Noregs Ungdomslag og Noregs Mållaga på omlag kr. 100.000 kroner pr. år. I tillegg kjem annonsar og annan indirekte stønad frå bruka.

## **Korleis gjekk dei fram?**

Etablering av forretningstiltak var ikkje noko tema sentralt i moderorganisasjonane. Det var lokallag og drivande personar der som gjorde opptakta til skipingane. Ofte kunne det vera den same personen som gjekk i brodden for å skipa fylkeslaget.

### **Den første Kaffistova**

åpna i 1901 i Øvre Slottsgt. 29 i Oslo. Ein av stormennene i BUL, Klaus Sletten, har skildra ho slik: "Det var eit rom paa umlag 200 rutemeter. Veggane hadde brystpanel, og paa kanten var det maala ymse visdomsord rundt alle veggar. "Dei likar kvar sitt, difor vert all maten eten, og alle gjentor gifte" osb. Romet var pynta med norske flagg og fargar. Husbunaden er i myrk farge med treskurd og rosemaaling. Over høgsetebenken staar ei byste av Ivar Aasen, og paa andre veggar heng bilæte av Garborg, Vinje, Blix og fleire. Som blomen i det heile lyser gjentone upp i stova med dei vene nasjonalbunadane sine. Ein kan faa billeg havregraut eller festleg rjomegraut, og so er det ikkje berre slikt, som ein fær på kaféar elles,

nei du kan faa sild og flatbraud, lumpe og lefse og mykje anna gildt, som du kjenner fraa heimebygdi."

I Bergen fekk dei første lagskaféane våre navnet "skytningsstover". Bondeungdomslaget Ervingen opna den første i 1903, og snart etter endå ei. Norsk Herbyrge opna si første i Strandgaten 53 i 1910. Navnet kjem av gammalnorsk "skytningsstofa" som var ei slags gildestova som blei nytta til "samanskotslag",- i moderne norsk vil me vel heller bruka ordet "spleiselag". (Norsk Ordbok: (norr skytningsstofa) i norr tid: skjenkjestove, vertshus)

I Trondheim opna Gildevangen i 1904, og Trønderheimen med hotell og kaffistova i 1913.

### **Enkeltpersonar gjekk føre**

Etableringa av lagsbruk eksploderte i tida mellom 1910 og 1925 Ofte var det enkeltpersonar som garanterte for finansiering. Ein må bli imponert over kor framsynte desse pionerane har vore i det å sikra seg sentrale tomter i beste forretningsstrøket.

### **Lagsbruka markerte rørsle med kvalitet**

Med den, i dåtida, høge standarden som bondeheimane og kaffistovene hadde i forhold til "Bondestuer med flatsenger" og "spiseforretninger", var det eit nytt og godt tilbud til både bymann og bonde. Kaffistove- og bondeheimsnavnet var kvalitetsmerke.

### **Varemerke**

Styret i Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag hadde fått godkjenning på at lagsbruk i desse to organisasjonane hadde einrett på å bruka navna "Kaffistova" og "Bondeheim".

Vernet for Solfuglmerket blei fornya i 1992 ved " Styret for det industrielle rettsvern" med ti års verknad.

Det er Noreg Ungdomslag og Noregs Mållag som er eigar av merket, med Lagsbrukssamskipnaden som forvaltar.

### **Historien om solfuglmerket**

Det var på eit årsmøte i Noregs Ungdomslag i 1922 at tanken om eit felles varemerke for forretningstiltak i norskdomsrørsle kom fram. Tegnaren Carsten Lien laga utkast til merke som blei godkjent på årsmøta i Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag i 1924 og 1925.

"Det er soli som kvar morgon kjem med ljøs etter den myrke natti og vekkjer til ny rørsle og nytt liv. Og etter kvart som ho stig um våren er det som all naturi fær ny kveik og kraft av henne. Det er difor ikkje å

undrast på at folk til alle tider hev gledt seg ved soli, hev dyrka henne og ofra til henne".

Dette skriv Knut Liestøl i ei innleiing om bakgrunnen for at det nettopp blei Solfuglen,- sjølvaste fugl Fønix som skulle stå modell for varemerket til forretningstiltaka til norskdomsrørsla. Liestøl sluttar artikkelen slik:

"Hanen var symbol på nyvakning, nytt liv, ny dag. Difor hev Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag teke uppatt dette ærverdige stemningsrike sinnbiletet til sams merke for lag med lagsbruk. Over desse samlingsplassane våre skal ein sjå Solfuglen, og attum den renn soli. Og det kann snaudt tenkjast noko betre symbol på det nasjonale vekkjings- og opplysnings- og atterreisings-arbeidet som skal hjelpa oss ut or dei låke fylgjone av dei " fire hundrad år i natten" i målvegen".

### **Gode år etter krigen**

For dei styra som sleit med renter og avdrag i dei harde 20 og 30-åra, og som kanskje sjølv betalte for maten som dei fekk på møta, var det eit velsigna omskifte når lagsbruket tente pengar i gode år etter krigen. Som gode samfunnsborgarar tykte dei det var gjævt å betala skatt. Dei skrytte av skattesummen og tok det som eit mål for god drift. Dei kvidde seg for å ta opp nye lån til nødvendig vedlikehold og fornying.

Sjølv om mange lagsbruk nok tente rimelig bra med pengar under krigen, var mangel på materialar og løyve til å bøta på nedslitne anlegg gjennom krigsåra ikkje lett å retta opp att. Det var mykje å ta igjen på alle lagsbruk.

### **Alkohol- og skjenkerettsdebatten**

Rammebetingelse eller idealisme, - eller ei orsaking for dei som ikkje fekk det til.

At det ikkje skulle skjenkast alkohol på kaffistovene var frå starten av ein sjølv sagt del av idégrunnlaget til Noregs Ungdomslag. NU har aldri vore ein avholdsorganisasjon, men har arbeidd for å skapa gode samversmiljø utan rusmidlar. Til dette var kaffistovemiljøa ei av brikkene i arbeidet. Ein del tilsette likar best å kalla fråver av alkohol for ein rammebetingelse for lagsbruka. Ordbruken kjem mest an på kor tette band ein ser mellom den ideelle og den forretningsmessige delen av arbeidet.

I ein såpass romslig organisasjon som Noregs Ungdomslag er det naturleg at ikkje alle har vore like opptekne av å følgja denne linja konsekvent. Omkring 1980 var det krefter i styret for

Lagsbrukssamskipnaden som arbeidde for å "modernisera" rørsla sitt syn på skjenkerettsproblematikken. Administrerende direktør ved Trønderhotell AS ville – på slutten av 70-talet kjøpa ei skjenkestova på Fosen-halvøya for å "læra rekruttane på Ørlandet flystasjon å drikka øl på ein sømelig måte." Han fekk ikkje styret i Noregs Ungdomslag med på dette.

Formannen i Lagsbrukssamskipnaden den gongen reagerte kraftig på at styret i Noregs Ungdomslag på årsmøtet i Molde i 1980 la fram forslag til vedtak som sette ein absolutt stoppar for å tillata skjenkerett til fleire lagsbruk. Dei som hadde skjenkerett frå før skulle ikkje bli berørt av vedtaket. Årsmøtet gjekk inn for styret sitt forslag. Av dei som hadde skjenkerett den gongen er alle avvikla, så nær som Finnsnes Hotell, eigd av Troms Ungdomsfylking. Dølaheimen Breiseth Hotell på Lillehammer har innført skjenkerett på hotellet i forbindelse med utbygginga før olympiaden i 1994. Etter Noregs Ungdomslag sine vedtekter, har dermed ikkje Gudbrandsdal Ungdomslag og alle ungdomslaga i dalen lenger lov til å eiga aksjar i tiltaket. Det står att å sjå om landslaget vil gjera noko med dette.

Når ein har vore med ei stund, ser ein at ønsket om skjenkerett for å få til lønnsom drift oftast var eit resultat av at drifta generelt var for dårlig. Psykologisk sett var det sjølv sagt mykje enklare å sei at årsaka til dårlig lønnsomhet låg i manglande skjenkerett, enn å innrømme at det hadde noko med eins eigen evne til å driva rasjonelt og effektivt. I det grellaste eksemplet eg har vore borte i var råvarekostnaden i forhold til omsetning på mellom 60 og 70 prosent. Normalt bør dette talet vera mellom 30 og 35. Eg prøvde å fortelja at det ikkje ville hjelpe å begynna å selja øl for å retta opp denne økonomien, men blei send heim med beskjed om at eg ikkje hadde greia på kva eg snakka om. Lagsbruket skifta navn og blei leigd bort til styraren, fekk skjenkerett for øl og vin, og gjekk konkurs i 1994.

Dei reine mållagsbruka er ikkje bundne av skjenkerettskravet, med mindre dei ønskjer å vera medlem av Lagsbrukssamskipnaden. Fosna Mållag sitt hotell i Kristiansund og Naumdøla Mållag sitt Grand Hotell i Namsos var slike bruk.

Det kan vera saklig grunnlag for å seia at dei som hadde ambisjonar om å bli eit "Nr. 1-hotell" i sin by, slik som Grand i Steinkjer og Noreg i Ålesund, i lengden ville fått problem utan skjenkerett, men i så måte var det vel heller ambisjonen, eller forretningsidéen deira som ikkje var tilpassa NU-ideologien. Sett på spissen, kan ein sjølv sagt ikkje driva bar utan skjenkerett. Derimot finn ein dei mest lønnsomme hotellbedriftene i dag som reine "seng-og-frokost"-bedrifter, og i ein norsk kafé som først og framst baserer seg på "dag-markedet" er det som regel ikkje spørsmål etter alkoholservering.

### **Økonomisk stønad til viktige måltiltak**

- Garanti på kr. 200.000,- for utgjeving av nynorsk bibel. Det var Lagsbruka til BUL i Bergen og Norsk Herbyrge LL, eigd av Hordaland Ungdomslag, Vestmannalaget og Vestlandske Mållag som sto bak dette tiltaket omkring 1920.

- Lagsbruka til BUL i Bergen har vore ein avgjerande støttespelar for Gula Tidend opp gjennom tidene.

- Garanti på omlag kr. 200.000,- frå eit 20-tals lagsbruk for å trygga utgjevninga av Norsk Allkunnebok i 1960. Garantien blei effektiv og lagsbruka betalte. Det blei likevel Vestlandsbanken som til slutt måtte ta ansvaret for å få ut det 10. og siste bandet.

- Kjøp av tomtene til Det Norske Teatret i 1917. Også her var det Lagsbruka til BUL i Bergen som stødde opp.

Samla gjennom desse 100 åra er det eit 100-tals millionar kroner som forretningsdrifta har tilført eigarlaga og rørsla i kontante pengar og "naturalia".

### **Lagsbruksskatt og lagsbruksavgift**

Heilt frå starten av syntest det å vera ei viss spenning mellom Skrivarstova i Oslo og dei enkelte lagsbruka. Det var helst lite pengar å henta for landssamskipnaden derifrå. Det blei nokre annonsar i ulike publikasjonar, men elles lite kontantoverføringar. Styret i Noregs Ungdomslag tok opp spørsmålet om "skattlegging" av lagsbruk i 1912-14, og etter ei samling av lagsbruksfolk blei det i 1917 vedtektsfesta at 5% av overskot etter skatt og 1 promille av årlig omsetning skulle betalast til Noregs Ungdomslag og/eller Noregs Mållag alt etter kor eigarlaget var medlem.

I dag er det slik at 2 promille av årlig omsetning skal betalast inn til landslaga. Formelt sett er dette i dag ei avgift for bruken av varemerket Solfuglen. Dei siste åra har denne avgifta gitt ei inntekt på omlag kr. 100.000 til landslaga.

### **"Respatex-alderen"**

er eit litt flåsete navn på interiørtrenden for kaféar i 60-åra. Den ein-sidede vekst- og moderniserings-trenden som rådde under oppbyggingsperioden etter krigen ga dårlige arbeidsforhold for dei som skulle representera tradisjonskultur og særpreg. Få lagsbruk, om nokon i det heile, styrte heilt unna desse moteløysingane, og resultatet blei profillause "brune" kaféar. Det er snautt denne perioden me helst vil minnast på 100-årsdagen.



### **Krav til profesjonalisering**

Etter kvart kom ein del lagsbruk til å styrka styret med fagfolk utan tilknytning til laget. Denne utviklinga sette eit nytt krav til eigarrollen. Til nå hadde ein rekna med at ideologien var "innebygd" i alle styrefolk. Med fagfolk i styret som ikkje hadde bakgrunn frå rørsla måtte det bli eit sterkare krav til at eigarlaget hadde ei formulert målsetting - ein visjon med det å driva forretning - noko som styret kunne ha å arbeida etter. Der dette mangla, blei det gjerne mislykka å få inn meir kompetanse i styra.

Enkelte profesjonaliserte seg bort i skodda. I Trondheim organiserte lagsbruka seg på 70-åra etter ein svært avansert konsern-modell. Til sjuande og sist blei det kanskje mest for å få mange fine titlar. Så lenge den daglige drifta ved hotella ikkje holdt mål, hjalp det lite med flotte organisasjonskart. Når dei stolte trondheimsbruka er heilt borte i jubileumsåret tener det eigarane lita æra for det dei har gjort dei siste ti-åra. Andre store lagsbruk kom til for å vera med å prøva å berga Gildevangen først på 90-talet, men laga var for stolte til å ta imot - og selde også dette bruket til hotellkongen Olav Thon. Det mest tragiske i denne prosessen var at eldre medlemmer i BUL Nidaros - dei som hadde gjort ein god innsats før, men som av forskjellige årsaker ikkje hadde lykkast med akkurat dette, det var dei som mest markert gjekk inn for å selja hotellet ut av rørsla.

Med ein viss rett sat enkelte og studerte på om det ikkje likevel var betre å driva med ein amatør som ville, enn med ein profesjonist som var likegyldig.

### **Årsaka til lagsbruksdøden**

#### **Strukturendringar i kultur og trafikkmønster**

Ei sida av utviklinga som fekk mykje å seia for dei aller fleste lagsbruka var innkorting av reisetid mellom by og land som følgje av nye vegar, bruer, ferjer, snøggåtar og bussar som gjorde det unødvendig å overnatta når ein hadde eit ærend i byen. Reguleringar som førte til nye trafikkårer i byane og flytting av rutebilstasjonar kunne vera "døden" for mange verksemdar, også lagsbruk. Det er ikkje vanskelig å finna eksempel på lagsbruk som fekk valget; Vil de vera med å investera i bygget som skal reisast når kvartalet som de nå eig ein del av, skal rivast, eller; vil de vera med som leigetakar i den nye rutebilstasjonen?

#### **Eigarane har manglande vilje og tru på saka**

Dette førte i seg sjølv til problem med å finna kvalifiserte styremedlemmer i laget. Det var ofte også problem å bytta ut

styremedlemmer blant venner. Meir enn ein gong har eg fått følelsen av at det er mest er betre å la lagsbruket gå konkurs enn å fortelja sin beste kamerat at han ikkje duger som styremedlem.

### **Mindreverdskompleks**

"Alle andre er så mykje betre enn oss", eller- "Når ikkje me klarte det, så skal i alle fall ingen andre av våre eigne få anledning til å visa at det går an å driva lagsbruk her. Derfor sél me heller lagsbruket til ei kjend hotellkjede".

### **Styret er ikkje godt nok**

Manglande fagkunnskap i styret. Manglande handlekraft. Styreverv i forretningsstyret "som takk for lang og tru teneste i laget".

### **Tapping av bedriftene**

Romsdalsheimen i Molde og Trondarnes Kaffistove i Harstad er typiske eksempel på dette. Fleire kunne vore nemnd.

På Romsdalsheimen heldt ein lenge heiltidstilsett sekretær for Romsdal Ungdomssamlag kamuflert som vaktmester på hotellet. Då ein endelig kom så langt at hotellet blei renoverert og tidsmessig sett i stand, blei det så dyrt at eigarane ikkje makta oppgaven - og selde ut til hovedkreditoren.

For Trondarnes Kaffistove er det dokumentert ei kontantoverføring til eigaren, Troms Ungdomsfylking, frå 50-åra og fram til i dag, i nominelle kroner, på mellom 2 og 3 millionar kroner. Dette gjorde eigaren mens kaffistova blei totalt nedsliten. Då stova skulle byggast om midt på 80-talet, blei det så dyrt at, sjølv om drifta er god, er det ennå er usikkert om bruket vil kunna bera den store gjelda i lengden.

### **Overinvestering**

Bondeheimen i Arendal si investering på 80-talet var eit prosjekt heilt utan realistisk fundament. Ein sterk formann kjørte prosjektet fram utan tunge nok motforestillingar i styret, og utan å ta omsyn til råd utanfrå. Her kan ein i tillegg stilla spørsmålstejn ved banken si dømmekraft, men så kosta eventyret også ein banksjef stillinga.

## **Organisering sentralt**

Fram til 1949 var det inga organisering utanom landslaga. Rett nok var det i åra 1912-17, etter opptak frå Noregs Ungdomslag, nokre samlingar av eksisterande lagsbruk, men det var ønsket om å få tilskot frå lagsbruka til landssamskipnaden som var føremålet til samlingane. Møta førte til innkreving av lagsbruksskatt frå 1917.

## **Lagsbruksmøtet og Lagsbruksnemnda**

Den 26. mars i 1949 blei det første Lagsbruksmøtet skipa etter sterkt påtrykk frå skrifvarstova til Noreg Ungdomslag og Noregs Mållag, og frå framståande lagsbruksfolk. Dette møtet danna opptakta til det første formelle lagsbrukssamarbeidet. Sidan blei det skipa årlige lagsbruksmøte som har valde ei lagsbruksnemnd med tre medlemmer til å styra samarbeidet. Sekretariat var Skrifvarstova til Noregs Ungdomslag i samarbeid med formannen i nemnda.

I vedtektene frå 2. nov. 1954 står det at Lagsbruksnemnda skal "gie lagsbruka råd og rettleiing i faglege, økonomiske og juridiske spørsmål, og fremja samarbeid mellom lagsbruka". Lagsbruksnemnda har særleg arbeidd med skattespørsmål, finansiering, planlegging og nybygging av lagsbruk, og har elles gitt råd i saker som Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag har lagt fram for nemnda. Lagsbruksnemnda har planlagt felles reklametiltak for lagsbruka og gitt ut ordliste til forretningsformål. Lagsbruksfondet blei skipa 2. nov. 1954 for å yta finansieringshjelp til bedriftene.

Landslaga hadde nok ein tanke om at dei gjennom desse møta skulle få meir pengar frå lagsbruka, mens lagsbruka ville ha meir samordning av overføringane til Skrifvarstova. Men det var også lagsbruk som såg fram til å bruka møta for å drøfta bedriftsøkonomi og god drift, etter som vanskaner med gjenreisinga etter krigen og krav til omstilling melde seg.

På lagsbruksmøta var det stort sett styrefolk som møtte. Dei tilsette i lagsbruka blei ikkje tekne med. "Det var likt til at lagsbruksstyra meinte dei tilsette ikkje hadde noko på desse møta å gjera", skriv Kåre Kolås.

Det blei stilt mange spørsmål og krav til Lagsbruksnemnda om ei rekke tiltak som lagsbruka ville ha hjelp til. Enkelte trong hjelp i skattespørsmål, fordi dei hadde store overskot, og ingen planar om investering og fornying. Andre hadde bruk for rettleiing om løner og lønskostnader. Sigmund Dale var formann i Lagsbruksnemnda den lengste tida. Han hadde mellom anna arbeidd som skatteinspektør og hadde mange gode råd å gi både i økonomiske og i juridiske saker. Ligningskontora omkring i landet hadde ulikt syn og varierende godvilje overfor laga si forretningsverksemd. Dale meinte at ein skulle strekka seg langt i utgiftsføring av kostnader som var i samsvar med føremålet til lagsdrifta, og han hevda at det var ligningskontora si sak å seia nei i slike saker.

### **Lagsbruksgruppa og Solfuglhotella**

For dei ivrigaste samarbeidsforkjemparane var frustrasjonen stor over alle dei gode idéane til fellestiltak som stranda, og etter opptak frå Kåre Kolås blei Lagsbruksgruppa skipa i 1972. Det var stort sett dei største bruka som melde seg inn i dette samarbeidet. Dette blei innleiinga til eit meir systematisk, faglig samarbeid mellom tilsette på bruka. Det blei skipa to årlige samlingar. Gjennom utveksling av regnskap og driftsopplegg, kurs for kjøkken, reinhold og resepsjon og gjennom utveksling av personale mellom bedriftene blei det sett i gang ei viktig oppgradering av verksemdene, og det trongst då.

Samarbeidet i Lagsbruksgruppa blei etter kvart bygd ut til eit forsøk på kjedesamarbeid i det som blei kalla Solfuglhotella. Grupperinga fekk eigen, fastlønna sekretær. Men fleire av hotella fall ifrå og blei selde ut av rørsla og arbeidet blei lagt ned.

### **Lagsbrukssamskipnaden**

Lagsbrukssamskipnaden (LBS) blei skipa som eigen organisasjon i 1979. Litt seinare fekk LBS eige sekretariat med ein fast tilsett person. Dei første åra arbeidde daglig leiar mest som konsulent overfor bedriftene. Seinare blei det skipa til eigne erfaringsutvekslingssamlingar "ERFA-grupper" to gonger i året for folk som arbeidde i daglig drift av lagsbruk. Desse samlingane fungerte godt faglig og var med på å skapa samhold mellom leiarane. Det blei også skipa fleire gode styrekurs som retta søkelyset mot arbeidsdeling mellom styre og daglig ledelse, menneskelige og faglige krav til styremedlemmer, og på ansvaret til medlemmer av eit aksjeselskapsstyre.

Etter kvart har ein sett at varige endringar i bedriftene ikkje kan skapast bare gjennom å delta på sentrale kurs. Saman med dei andre SAMU-organisasjonane er ein nå i ferd med å utvikla ein lest for totalgjennomgang av bedriftene. På denne måten meiner ein å kunna få til varige positive endringar der det er grunnlag for det, og der det trengst mest.

### **Samarbeidsutvalget for alkoholfrie overnattings- og serveringssteder (SAMU)**

I 1979 blei også Samarbeidsutvalget for alkoholfrie overnattings- og serveringssteder (SAMU) skipa mellom Norske Misjonshotellers forening (NM hotels), Landslaget for alkoholfrie serverings- og samlingssteder (LASS), Norske Vandrerhjem (NoVa) og Lagsbrukssamskipnaden (LBS). Hovedføremålet med samarbeidet var å skaffa fram offentlig stønad frå Rusmiddeldirektoratet. Seinare er dette samarbeidet blitt utvikla med sterkare og tettare band,- også av faglig art. Med unntak av NoVa har SAMU-organisasjonane i dag kontorfellesskap i Oslo.

### **SAMU kompetansesenter AS**

Dei fire SAMU-organisasjonane gjekk i 1992 i hop om å skipa eit felles konsultentselskap- SAMU kompetansesenter AS, med ein økonom tilsett som daglig leiar. Selskapet skal vera sekretariat for det politiske arbeidet overfor styresmaktene, og ein felles faglig ressurs i arbeidet for medlemsbedriftene.

### **Økonomi i dag**

Det første offentlige tilskotet fekk Lagsbrukssamskipnaden gjennom Samarbeidsutvalget for alkoholfrie overnattings- og serveringssteder (SAMU) i 1979 med 15.000 kroner. Gjennom eit aktivt og målretta arbeid overfor det politiske og byråkratiske miljøet er det i 1995 slik at LBS vil oppnå å få nær 1,5 mill kroner i støtta frå Sosialdepartementet til - som det heiter - å stø kvalifiserings- og utviklingstiltak i medlemsbedriftene.

I tillegg disponerer Rusmiddeldirektoratet Fondet for alkoholfrie overnattings- og serveringssteder som har i 1995 omlag 70 mill. kroner for utlån som risikokapital i alkoholfrie hotell og kaféar. Saman med fråhaldsrørsla, var sentrale lagsbruksfolk sterke pådrivarar i arbeidet med å få på plass dette statlege fondet sist på 1940-talet.

Lagsbruksfondet som i dag- utanom rentene- får årlig tilførsel av 10% av kontingenten til LBS, er i 1995 på kr. 450.000,-. Ein del av fondet er i 1995 brukt som aksjekapital i to selskap, SAMU kompetansesenter AS og Dag Bondeheim AS, Skien.

### **Generelt**

På lagsbruksmøta, og elles når ivrige lagsbruksfolk kom i hop blei det reist mange gode samarbeidstema. Når det kom til stykket, var det likevel ikkje alltid like imponerende vilje til å bygga eit forplikande samarbeid. Mange var redde for overstyring frå eit sentralt organ.

Ei utfordring for samarbeidet har heile tida vore ujamn størrelse og kvalitet mellom bruka. Dei beste var redde for å bli samanlikna med dei som ikkje var så gode. Roald Waktstjold frå BUL i Oslo var formann i Lagsbrukssamskipnaden midt på 80-talet. Han var ivrig forkjempar for ein "konsern-modell" for lagsbruka. Han ønskte å få til eit sentralt selskap som kunne kjøpa opp, eller overta driftsansvaret for lagsbruk som eigarane ville selja, eller ikkje driva meir.

Enkelte skulle "modernisera" seg og ta avstand frå Bondeheims- eller Kaffistove-navnet. Saga Hotell i Tromsø var eit eksempel, Kvikk Lunsj

i Kristiansand eit anna. Den første gjekk opp og den andre ned. Det var trulig ikkje navnet som avgjorde nokon av delene. Kaffistova Dancing, Svolve var eit grufullt eksempel på sviktande omdømme i profilsaker.

Navneproblematikken var heitt tema også under den siste snuoperasjonen for lagsbruka til BUL i Oslo. Fleire meinte at det var ei stor belastning å holda på dette Bondeheim-navnet som då hadde såpass ujamn klang omkring i landet. Oslofolket heldt på navnet, og eg trur dei har hatt mykje gleda av det i forhold til å konvertera til eit meir profillaust landemerke. Denne bedrifta har utan tvil gjort mykje for å løfta Bondeheims- og kaffistovebegrepet opp på gammalt kvalitetsnivå.

Det har ikkje alltid vore like lett holda på målprofilen. Manglande nynorsk-kunnskap hos dei tilsette har ikkje alltid vore hovedårsaka til svikten. Manglande tru på egne fanesaker har dessverre prega mange styre- og eigarlag. I seinare år har ein sett at utanforståande reiselivsbedrifter har brukt nynorsk - nettopp for å skapa eigenart og ein særmerkt kvalitetsprofil. Det var ikkje heilt slik det skulle ha vore, men det hjelper på sjølvkjensla likevel, og i dag er fleire blitt flinkare til å markera nynorsk i markedsføringa av lagsbruka igjen.

### **Organisering av bedriftene**

Heilt til det siste har det vore stor skepsis til ei profesjonalisering av selskapsforma til lagsbruka, og ennå er det bruk som blir drivne som personlege selskap. Mange styre og lag såg på overgang til aksjeselskapsform som ein måte å "selja sjela" si på. Det virka som om mange lagsmedlemmer og styrefolk hadde eit behov for personlig påvirkning på detaljar i drifta, og var utan evne til å løfta sin eigar- eller styringsfunksjon opp på eit meir prinsipielt og strategisk plan. Ein styreformann har fortalt til Kåre Kolås: "Det er ikkje så vanskelig for deg som har eit aksjeselskap å stella med. Eg for min del må diskutera på eit lagsmøte om det skal skiftast ein stol". Dette lagsbruket la ned drifta på slutten av 60- talet.

Overgang til aksjeselskapsforma var eit spørsmål om å få eit sett av profesjonelle styringsreglar for bedrifta, og for forholdet mellom eigarlag, styre og daglig leiar, men også ein måte å verna lagseigedom i økonomiske krisetider,- i alle fall dersom omorganiseringa blei gjort i god tid før krisa melde seg.

Tøttavangen heitte lagsbruket i Narvik, eigd av BUL, Narvik og Den Norske Totalavholdsørsla. Bruket var driven som personlig selskap og blei slegen konkurs på 1970- talet. Eigarlaga mista alt dei eigde,- både lagshytta og andre verdiar til BUL gjekk med. Saka finst i juridiske lærebøker i dag som eksempel på kor gale det kan gå med

eigaren når ikkje forretningsverksemda er skilt ut som eige aksjeselskap.

## **Enkeltbedrifter**

I jubileumsåret er det 15 medlemsbedrifter i Lagsbrukssamskipnaden. I alt er det ein del fleire som Noregs Ungdomslag er involvert i på eigarsida,- i alle fall indirekte. Mange forsvant frå operativ drift dei siste 10-åra. Enkelte gjekk konkurs, men andre avvikla i tide og sit med pengar i banken. Haugesund Mållag og Ungdomslag og BUL Stavanger er eksempel på lag som har kome ut av aktiv forretningsverksemd med ein god gevinst av den verdioppbygginga som forgjengarane sytte for. Desse to laga sit snart i store, nybygde og gjeldfrie lagshus, og ennå har dei godt med midlar til å støtta framtidig drift. I eit litt vilkårleg utvalg av igangverande bedrifter kan nevntast:

\* **Saga Hotell, Tromsø.** Eigar BUL, Tromsø. Bunnsolid bedrift som har satsa sterkt på å ha profesjonelle folk til å leia den daglige drifta. Abel Olsen har vore i styret for bedrifta frå 1959 til 1992,- frå 1964 som formann. I 1969 flytta hotellet inn i nybygg, og bedrifta har hatt ei fantastisk utvikling sidan under Abel si styring.

Bedrifta fira "Kaffistove-flagget" og erstatta det med navnet Saga då dei reiste nybygget. Faneflukta har ført til at mange blir overraska over at denne bedrifta er "ei av våre". Alkoholprofilen derimot har bedrifta reindyrka og gjort til eit positivt salgsargument meir enn dei fleste andre har klart.

I 1995 er Saga iferd med ei større renovering, ombygging- og utbygging av ein etasje til på hotellet. Kostnadsramme totalt for arbeidet er 14 mill. kroner.

Dei første åra i bruket si historie blei det løyvd store summar til oppbygging av Trondarnes Folkehøgskole i Harstad. I 1932 blei det gitt garanti/lån for ombygging av Kaffistova i Harstad med kr. 6.000,-.

\* **Bondeheimen i Oslo.** Bedrifta er ein av dei beste ambassadørane for rørsla i dag, der ho held til i Bøndernes Hus i Rosenkrantsgt. 8-verd meir enn 100 mill. kroner i dagens egedomsmarked. Men det var ikkje alltid slik. Omkring 1980 var forretningsverksemda til BUL inne i ein svært defensiv periode. Drifta gjekk med underskot år etter år, og egedom etter egedom blei seld for å dekkja opp tapet. Styret i Lagsbrukssamskinaden saman med styret i Noregs Ungdomslag engasjerte seg sterkt for å få fram ei mobilisering i Bondeungdomslaget slik at denne negative utviklinga kunne snuast.

Etter ein hard indre strid lykkast det å få valt eit nytt styre som klarte å staka ut ein ny og aktiv kurs for lagsbruket i hovedstaden.

\* **Mållaget i Kristiansand** samla ressursane og reiste ein stor, moderne bygård omkring 1970 midt i Kristiansand sentrum, og har drive ein god og sikker butikk etter dette. Den viktigaste inntektskjelda har vore utleige av kontor og forretningslokalar, men laget har også hatt kafeteriadrift. På 90-talet gjekk omsetninga i kafeteriaen jamnt og sikkert nedover, og i 1993 sto laget med valget mellom å leggja ned, eller å rusta opp. Laget valde det siste, og resultatet blei "Nellas Hus". Navnet har den nye kaféen fått frå ei kone som heldt til på trappa her i gamle dagar og selde grønnsaker. Kaféen markerer noko nytt og spennande i kaffistovekonseptet. Han er delt opp i mange smårom med orginalt tradisjonspreg. Romma har fått navn som "stova", "kammerset" "bislaget" og "biblioteket". Ombygginga har skapt stor interesse og omsetningsauke.

\* **Kaffistova til Ervingen** i Bergen har hatt litt av same utviklinga som Mållagsstova i Kristiansand. Mykje etter mønster derifrå er denne kaféen bygd om vinteren 1995. Resultatet har blitt ei endring og ei utviding av kundemassen, og det økonomiske resultatet ser greitt ut til nå.

\* **Bygdelagssamskipnaden (BLS)**, - før Oslo Fylkeslag, dreiv lenge Heim for Landsungdom med hyblar for 115 gutar. I tilknytning til dette dreiv laget kaffistove og sosialkontor.

I tillegg til å holda øvingslokale for Oslo-laga driv BLS nå konferansesenter, og leiger resten av bygningsmassen ut til kontorlokaler.

### **Personar som har betydd mykje for lagsbruksarbeidet.**

Her, som elles, er det oftast sterke personar med ei god blanding av idealisme og faglig innsikt som har bore rørsla fram.

\* **Kåre Kolås.** Fødd i 1917. Utan tvil den fremste representanten for samarbeidstanken mellom lagsbruka. Han har sjølv vore med i framste rekke i mest heile den siste halvdel av dei 100 åra rørsla har eksistert.

Det er i rørsla sitt perspektiv at Kåre Kolås har dyrka forretningsverksemda. Kva lagsbruka kunne utretta til gagn for det ideologiske arbeidet har heile tida vore hans drivkraft.

Kolås har vore formann i Bondeungdomslaget i Bergen og i Vestlandske Mållag. Han var også styremedlem og nestformann i Hordaland Ungdomslag nokre år.



Han var aldri medlem av Lagsbruksnemnda, men blei oftast teken med på råd og oppdrag den gongen også. Styremedlem for Lagsbruki til Bondeungdomslaget i Bergen LL frå 1947, formann frå 1960 og daglig leiar frå 1965 til han gjekk av med pensjon i 1986. Styremedlem i Lagsbrukssamskinaden frå skipinga i 1979. Han var elles styreformann i Vestlandsbanken i mange år. Aktiv historiarbeidar i dag, og ei umåtelig verdifull kjelda for dei som søker eit breiare perspektiv på lagsbruksarbeidet.

\* **Sigmund Dale.** Fødd i Høyanger i 1908. Død 1995. Juridisk embetseksamen i 1932. Underdirektør i Bankinspeksjonen. Aktiv i styre og råd i Bondeungdomslaget i Oslo. I målrørsla og i Det Norske Teatret hadde han mange tillitsyrke. Formann i Lagsbruksnemnda frå skipinga og mange år framover. Han la vekt på alt som kunne samla kreftene i arbeidet for å fremja den norske kulturarven, og han hadde eit praktisk syn på lagsarbeid og ideélt arbeid i det heile. Dale gjorde mange gode konsulentoppdrag for lagsbruk omkring i landet

\* **Abel Olsen.** Fødd i 1917. Siviløkonom. Styreformann for AS Kaffistova åt BUL/ Saga Hotell i Tromsø i omlag 30 år, og dreiv dette hotellet opp til å bli eit av dei beste og mest lønnsomme hotell i landsdelen. Abel er idealist og fagøkonom og har vore ein ruvande person i nordnorsk næringsliv.

Han tok på seg pensjonistoppdrag 75 år gammal på AS Trondarnes Kaffistove i Harstad,- eit oppdrag han gjekk inn i med stor entusiasme og faglig innsikt. Utnemnd til Æresborgar i Harstad i 1995. Han er den første Tromsø-mannen som har fått den æra. Abel Olsen markerer meiningane sine med stor kraft og tyngde, men er samtidig lydhøyr overfor andre innspel i debatten. Det er sjelden å møta menneske som har mestra den balansen så godt.

\* **Torgeir Martinussen.** Fødd i Myre i Vesterålen i 1958. Diplomøkonom. Kom inn i styret for Lagsbrukssamskipnaden i Molde i 1987. Tilsett som daglig leiar frå 1. mars 1988. Formann frå 1990 til 1992 Drivande kraft i "modernisering" av det faglige samarbeidet i organisasjonen, og for oppbygging av gode styrekurs. Pådrivar for å utvikla samarbeidet innafor Samarbeidsutvalget for alkoholfrie overnattings-og serveringssteder (SAMU), og i arbeidet med å auka offentlige løyvingar til lagsbrukssamarbeidet. Torgeir blei seinare tilsett som første daglige leiar for SAMU kompetansesenter AS, ei stilling som han hadde til han flytta heim til Nord-Norge sommaren 1995.

## **Kjelder og hjelparar**

\* Kåre Kolås. Det meste i dette historiske samandraget bygger på Kåre Kolås sine notatar som han har laga med tanke på eit større verk om lagsbruksarbeidet som samskipnaden ønskjer å gi ut om nokre år.

\* Olaf Almenningen har brei erfaring frå historisk arbeid, spesielt for Noregs Mållag.

\* Per Håland. Minneord om Sigmund Dale i Gula Tidend.

\* Svein Erik Brodal. Tale ved åpninga av den nye kaffistova til BUL i Oslo 8. september 1986.

\* Norsk Allkunnebok, nynorsk leksikon gitt ut i `50-åra.

\* Vertskap i Norge, jubileumsbok for Norsk Hotell- og restaurantforbund gitt ut i 1992.

*Oslo august 1995*

*Nils Seland*